



Notat

Dato: 09.05.2016
Arkivsak: 2016/4768-1
Saksbehandlar: hanespe

Til: Utval for kultur, idrett og regional utvikling

Frå: Fylkesrådmannen

Dialogkonferanse idrett og friluftsliv 2016 – invitasjon og førebels program

Hordaland fylkeskommune arrangerer årlege konferansar for kommunane og frivillige organisasjonar i fylket. Målet er fagleg oppdatering, nettverksbygging og motivering til vidare arbeid med tilrettelegging for fysisk aktivitet.

Dialogkonferansen 2016 vert arrangert i Nordhordland 7. og 8. september 2016. Tilsette med ansvar for idrett og friluftsliv og kommuneplanleggarar i kommunane er primær målgruppe. I tillegg er også dei store regionale organisasjonane, som t.d. Hordaland idrettskrets, Bergen og Hordaland Turlag og friluftsråda representert.

Representantar frå Austrheim, Lindås, Meland og Radøy kommunar er med i programkomiteen for å få eit best mogleg samansett program i høve dei utfordringar kommunane står ovanfor innanfor fagfeltet. På programmet i år står mellom anna spelemidlar, planarbeid og sykkel VM både i teori og praksis. I tillegg vert det synfaring på fleire små og store anlegg både for idrett og friluftsliv.

Invitasjon og førebels program ligg ved.

Det er ønskjeleg at ein representant frå utvalet deltek på Dialogkonferansen 2016 med helsing frå utvalet tysdag 7. september, og er tilstade under heile samlinga. Kommunane har gitt særskild god tilbakemelding på slik deltaking tidlegare.